

### 1. Introduser temaet for elevane.

Sei at denne timen skal handle litt om krigen i Ukraina og det å vere flyktning. Men at det viktigaste vi skal jobbe med er korleis vi kan vere gode skolevenner for nye elevar i klassa som kjem frå eit anna land og ikkje kan språket vårt enda.

### 2. Kva er krig?



For å forstå kvifor nokre kjem som flyktningar frå krig er det fint å forstå litt om kva krig er. Mange av dei minste elevane veit lite om dette, og ikkje alle treng så mykje informasjon om det heller enda. Kanskje har de allereie snakka om krigen i klassa. Då viser du berre bilda og minner om det de har snakka om tidlegare om krigen, og peikar på Ukraina, Russland og Noreg.

Om de ikkje har snakka om krigen i klassa kan du eventuelt bruke forslaget frå denne artikkelen frå Atle Dyregrov og Magne Raundalen (2020): [Krig i Ukraina – Hva sier vi til barna? – Klinikks for krisepsykologi](#) om korleis ordlegge seg når ein skal fortelje barn i alderen 5-8 år om krigen:

*«I det store og mektige landet Russland er det en som heter Putin som er president. Russland er mye større og har mer våpen og soldater enn Ukraina som er nabolandet. Putin mener at Russland og Ukraina er ett folk og mener at Ukraina ikke kan bestemme helt over seg selv. På grensen mellom Russland og Ukraina har Putin samlet mange våpen og soldater og nå har de begynt krig mot Ukraina. Både i Ukraina og andre land i verden inkludert Norge, har vi vært redde for at Russland skulle gjøre det de nå gjør, starte krig mot Ukraina. Veldig mange land protesterer mot dette og i nyhetene er det dette de snakker mye om. Voksne er urolige over det som skjer, men vi er ikke redde for at Russland skal ta Norge. De fleste folk i Norge og i mange andre land har håpt at det ikke ble krig, men for noen dager siden sa Putin at noen områder (regioner) i Ukraina var egne land eller stater. Det gjorde at mange land inkludert Norge har begynt å straffe Russland med det de kaller sanksjoner. Sanksjoner er å ikke kunne handle med Russland, at de gjøre mange ting vanskelig for Russland, slik at Putin og Russland skal forstå at det de gjør, har de ikke lov til å gjøre. Nå vil det bli enda flere sanksjoner og mye om Ukraina i nyhetene».*



Denne er skrive i starten av krigen og situasjonen har utvikla seg etterpå. No vil det passe å utvide denne med å fortelje at det ikkje lenger er trygt å bo i Ukraina. Derfor er det veldig mange menneske frå Ukraina som no har reist til ulike land i Europa for å bu ein stad dei kan vere trygge. Noreg er eit trygt land, og difor er det også mange som kjem hit. Nokre av dei kjem heilt hit som vi bur, og (eventuelt) nokre barna skal starte på skolen vår. Når familiar må reise fort fordi det ikkje er trygt å vere i landet lenger, kan dei ikkje ta med seg alt dei har. Dei må flykte, og får kanskje berre ta med litt klede, ei bok, ei leike eller noko dei er ekstra glade i. Så må dei få nye klede, møblar og ting i det landet dei kjem for å bu.

Om de eventuelt har ein samtale om dette i klassa:

- La elevane få stille dei eventuelle spørsmåla som dei er opptatt av og gi enkle svar på desse
- dersom elevar gir uttrykk for følelsar som sinne, frykt eller tristheit for det som skjer, er det fint om du gir uttrykk for at det er heilt normalt å føle dette i denne situasjonen. Følelsane våre prøver å hjelpe oss til å vere trygge sjølv, og følelsane våre kan også føle med andre menneske som har det vondt.
- å kjenne på frykt for at det skal bli krig i Noreg er ikkje så nyttig for oss. Vi har ingen grunn til å tru at det skal skje, og det hjelper oss ikkje til å ha det bra og fungere i kvardagen. Om nokon gir uttrykk for slik frykt kan det hjelpe at vi gir uttrykk for at vi forstår at dei blir redde, minne om at dette ikkje er noko vi treng å frykte her (Putin har ikkje lyst å angripe Noreg), og fokusere på kva som kan vere lurt å gjere når ein kjenner seg redd. Det kan vere å avleie med ein aktivitet, bruke kroppen litt, tenke på noko kjekt, høyre på musikk, vere med ein venn, snakke med ein voksen eller puste lange rolege pust.

### **3. Korleis kan det vere å vere flyktning?**

Sjå denne episoden av «Bli med heim» som handlar om ei jente som har flykta frå Syria saman med familien sin: [NRK Super - Bli med heim](#)

Snakk saman etter filmen og la barna fortelje kva dei la merke til om Tasmin og familien. Kanskje kjenner dei sjølve barn som har flykta, eller kanskje har de allereie flyktningar i klassa?

### **4. Å vere ein god skolevenn for nokon som ikkje kan norsk**

- Kva treng nye elevar frå medelevane sine for å ha det bra?
- Korleis kan ein bli kjent utan å forstå kvarandre sitt språk?
- Korleis lære norsk?
- La elevane få teikne eller skrive ulike aktivitetar som kan vere fine for å bli kjent utan språk, og for å lære språk.
- La elevane vise eller forklare sine idear, og bli eventuelt samde om noko de vil huske å prøve når de eventuelt får flyktningar i klassa.